

Stiftelsen Sosialbygget

Miltzowsgt.2, 5700 Voss.

Orientering til alle som søker husvære hjå Stiftelsen Sosialbygget.

Dei fleste av husværa tiltenkt einslege er ca. 43m² store, for ektepar/sambuarar er dei ca. 65m².

Stiftelsen eig bygningar i Miltzowsgt. 2, Utrågata 13 og Hestavangen 9. Totalt så har Stiftelsen Sosialbygget 108 husvære til utleige. Av dei er 17 tiltenkt ektepar/sambuarar.

Husleiga er i 2020 frå kr. 6.590,- til 7.820,- pr. mnd. for enkelthusvære, og frå kr.11.614,- til 13.129,- pr. mnd. for husvære tiltenkt ektepar/sambuarar i Hestavangen 9. Dei fleste husvære tiltenkt ektepar/sambuarar i «gamle» Sosialbygget er noko rimlegare.

Det er ikkje innskot, men det må stillast eit depositum på frå kr.15.000,- til kr.30.000,-. Dette vert gjort ved at de oppretta ein eigen konto i Voss Sparebank eller i Voss Veksel- og Landmandsbank på beløpet. Kontoen skal være sikring for rettidig betalt leige og dekning for eventuelle skadar m.v. iflg. husleigelova.


Ei eiga inntaksnemd prioriterar søkjarane og tildeling skjer i samsvar med dette. Nemda har 4 inntaksmøter i løpet av året. For 2020 er datoane: 23.mars/16.juni/22.september/1.desember.

Me vil samstundes gjera merksam på at våre husvære er pensjonistbustader tiltenkt pensjonistar busett i Voss e, og som er i stand til å stella seg sjølve i sitt eige husvære. Nødvendig hjelp må kvar einskild søkja hjå den kommunale helsetenesta.

Dersom det er spørsmål kring dette, så ta kontakt.

For meir informasjon sjå vår heimeside: www.sosialbygget.no

Med helsing
Stiftelsen Sosialbygget



Bjørg Djukastein
Dagleg leiar.

Org.nr.971 357 479
Telefon:56510405 Mail: bjorg@sosialbygget.no
Bank 3480 07 90044
www.Sosialbygget.no